



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FE-053
Arkivsaksnr: 18/694	Løpenr: 19/7442
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.10.2019	033/2019
Kommunestyret	17.10.2019	048/2019

Medlem i Visit Bjørnefjorden

17.10.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 048/2019 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vert medlem av Visit Bjørnefjorden, og løyver inntil kr 25.000 for 2019 og inntil kr 50.000,- frå 2020 til foreininga Visit Bjørnefjord. Medlemskapet vert dekkja frå det kommunale næringsfondet knt .1400.3251.

03.10.2019 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 033/2019 Vedtak:

Samnanger kommune vert medlem av Visit Bjørnefjorden, og løyver inntil kr 25.000 for 2019 og inntil kr 50.000,- frå 2020 til foreininga Visit Bjørnefjord. Medlemskapet vert dekt frå det kommunale næringsfondet kto. 1400.3251.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vert medlem av Visit Bjørnefjorden, og løyver inntil kr 25.000 for 2019 og inntil kr 50.000,- frå 2020 til foreininga Visit Bjørnefjord. Medlemskapet vert dekkja frå det kommunale næringsfondet knt .1400.3251.

Dokument som er vedlagt:

kartbrosjyre visit bjørnefjorden

Kva saka gjeld: Medlemskap Visit Bjørnefjorden

Vurderingar og konsekvensar: Visit Bjørnefjord er eit initiativ frå næringslivet i Os, Fusa, Samnanger og Tysnes. Målet er at foreininga skal sette desse fire kommunane på kartet for turistar – både lokale, norske og utanlandske.

Foreininga har eit eige styre som er valt av medlemmane. Rådmannen i Samnanger peikar ut kven som skal delta på medlemsmøta frå organisasjonen.

Det har ikkje vore ei koordinert satsing på turisme i bjørnefjordsregionen sidan Bjørnefjorden reiselivslag la ned drifta i 2002. Det er stort potensial for å lukkast med ei turismesatsing i regionen. Nærleik til fjorden, tilgang på flotte matopplevingar, aktivitetar for alle grupper, og variert og storslått natur gjer regionen til ein destinasjon med mange moglegheiter.

Visit Bjørnefjord skal vere ei felles marknadsføringsplattform for alle aktørar knytt til turisme. Foreininga skal driva produktutvikling og vere ein nettverksarena for medlemmane. Eitt av hovudformåla er å knytte saman aktørar som kan dra nytte av kvarandre. I Bjørnefjorden finst det ei rekke mindre aktørar som kan dra stor nytte av å operere i lag, både innan pakkeføring og marknadsføring. Turistnæringa ønskjer ein møteplass for å utveksle erfaringar og opplevingar, og å kunne drive felles kompetanseheving.

Visit Bjørnefjord har i dag ei eiga nettside med presentasjon av medlemmar og informasjon om regionen. På sikt vil sida bli utvida med aktivitetskalender, kart og moglegheit til å planlegge og gjennomføre kjøp av ulike tenester.

I januar hadde styret møte med ordførarane i Fusa, Tysnes, Os og Samnanger. Alle var positive til å bidra med kommunal støtte til prosjektet. Tysnes er i dag medlem av Visit Sunnhordland, og deira rolle der må avklarast med tanke på Visit Bjørnefjord.

Et medlemskap i Visit Bjørnefjord vil kosta kr. 10,- pr. innbyggjar i 2019 og kr 20,- frå 2020. Visit Bjørnefjord vil søkje om tilsvarende beløp per innbyggjar i Fusa, Tysnes og Os. Formannskapet i Os har løyvd 210.00 kroner for 2019. Innbyggartalet i Samnanger pr. 2. kvartal 2019 er 2.489 innbyggjarar. For Samnanger utgjer det om lag 25.000 kroner i 2019 og ca. 50.000 kroner i frå 2020. Medlemskapet vert dekkja med midlar frå næringsfondet.